

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane Årsplan for 2019



OECD har identifisert ei liste over 10 drivarar for endring i distriktssamfunn

Handsama i HNK 19. mars og i Fylkesutvalet i møte 8. april 2019

Innhald

| | | |
|----------|---|-----------|
| 1 | Innleiing..... | 3 |
| 1.1 | Overordna mål om arbeidsplassvekst..... | 3 |
| 2 | Satsinga nyskapig og kunnskap | 4 |
| 2.1 | Arbeidskraftbehov og utdanningsstrategiar | 4 |
| 2.2 | Innovasjonsnettverk | 5 |
| 2.3 | Møteplassar | 5 |
| 2.4. | Kunnskapsintensive tenesteytande næringar | 6 |
| 2.5 | Entreprenørskap, Breiband, FoU og Internasjonalt arbeid..... | 6 |
| 2.6 | Ressursinnsats – samla oversikt for satsinga | 8 |
| 3 | Sjømatnæringane | 9 |
| 3.1 | Kort oppsummering av endringar i høve det strategiske dokumentet..... | 9 |
| 3.2 | Prioriterte aktivitetar i 2019..... | 9 |
| 3.3 | Ressursar som skal bidra til å nå målet | 10 |
| 4 | Reiseliv..... | 11 |
| 4.1 | Prioritert aktivitet for å nå målet | 11 |
| 4.2 | Ressursar til arbeidet i 2019 | 13 |
| 5 | Landbruk..... | 14 |
| 5.1 | Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga..... | 14 |
| 5.2 | Prioritert aktivitet for å nå mål..... | 14 |
| 5.3 | Ressursar til arbeidet i 2019 | 15 |
| 6 | Fornybar energi | 15 |
| 6.1 | Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga | 15 |
| 6.2 | Prioritert aktivitet for å nå målet | 15 |
| 6.3 | Ressursar til arbeidet i 2019 | 16 |
| 7 | Olje og gass..... | 16 |
| 7.1 | Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga | 16 |
| 7.2 | Prioritert aktivitet for å nå målet | 16 |
| 7.3 | Ressursar til arbeidet i 2019 | 17 |

1 Innleiing

Regional plan for verdiskaping vart rullert med vedtak i Fylkestinget 12 juni 2018 (sak 25/2018). Ein kortversjon er utforma i etterkant. Dokumenta er tilgjengeleg på www.verdiskapingsplanen.no.

1.1 Overordna mål om arbeidsplassvekst

Overordna mål for verdiskapingsplanen:
500 nye arbeidsplassar kvart år.

Fylkestinget har sett arbeidsplassutvikling som mål. Det er ikkje verdiskapinga vi legg vekt på i det følgjande (noko namnet på planen kan indikere), men utviklinga av tal arbeidsplassar. På den andre sida: Verdiskapingsomgrepet (overskot + lønsutbetalingar) gir vanlegvis også eit godt uttrykk for utviklinga i tal arbeidsplassar.

Det vert ofte snakka om å etablere «attraktive arbeidsplassar». Omgrepet attraktiv er ikkje presist definert, men i verdiskapingsplanen vart det lagt vekt på utvikling av ekspansive kunnskapsintensive tenesteytande næringer. Det har heile tida vore lagt vekt på at kunnskapsomgrepet inkluderer fagkunnskap; ikkje berre akademisk kunnskap.

I dag legg partnarskapen like stor vekt på at kunnskapsintensive arbeidsplassar vert utvikla i mange ulike næringer. Vi har så langt ikkje utvikla indikatorar som informerer godt om dette. Ein indikator er om godt utdanna ungdom finn seg arbeid i Sogn og Fjordane eller om dei forlèt fylket.

Om måling

Målsettingane skal oppdaterast etter kvart som ei satsing vert utvikla. Det er ei fagleg krevjande oppgåve å presentere slik resultatinformasjon, særleg dersom vi ønskjer å vise samanheng mellom innsats og resultat.

I 2018 har vi lansert Verdiskapingspanelet. Her skal vi legge fram informasjon som gir bakgrunn og støtte for diskusjonar om resultata av arbeidet vårt.

Verdiskapingspanelet får informasjon om:

- Korleis vi prioriterer verkemiddel
- Indikatorar knytt til målsettingar i satsingar i verdiskapingsplanen
- Overvakingsindikatorar spesielt knytte til utvikling av arbeidsplassar

| Satsingsområde |
|-----------------------------|
| Arbeidsmarknaden i alt |
| Fiskeri |
| Fornybar energi |
| Handel |
| Havbruk |
| Industri, bergverksdrift... |
| KIFT |
| Landbruk |
| Lokal tenesteyting |
| Olje og gass |
| Regionale næringer |
| Reiseliv |

Verdiskapingspanelet:
www.verdiskapingsplanen.no

Statistikk knytt til hovudmålet

I utarbeidninga av denne verdiskapingsplanen la vi til grunn at det går tapt om lag 400 arbeidsplassar årleg innanfor næringer med fall i sysselsetjinga. For å nå ei nettoutvikling på 100 arbeidsplassar i året må det altså skapast 500 arbeidsplassar i vekstnæringane.

2 Satsinga nyskaping og kunnskap

Satsinga vart reformulert i fylkestingssaka i juni 2018 og har slikt hovudfokus fram til at nytt fylke har vedteke nye strategiske planar:

«For å utvikle gode lokale nyskapande miljø, vil partnarskapsarbeidet bli konsentrert om 4 operative arbeidsområde:

Tabell 1: Prioriterte partnarskapstema - Verdiskapingsplanen

| Prioriterte partnarskapstema - Verdiskapingsplanen | | |
|--|---|--|
| Innovasjons-infrastruktur | Arbeidskraftbehov og kompetansestrategiar - Oppfølging av regional kompetansestrategi | Innovasjonsnettverk («lokale klynger») |
| Bedriftsretta arbeid | Innovasjon på tvers av bransjar Møteplassar | Kunnskapsintensive tenesteytande næringar |

Utdanningsstrategiar er her endra til nemninga kompetansestrategiar. Det er ikkje føresett andre endringar samanlikna med rullert verdiskapingsplan vedteken i juni 2018.

Desse 4 arbeidsfelta samt verkemidlet FoU og internasjonal arbeid vert omtala nærmare nedanfor. Føringane frå industristrategien, regional strategisk plan for kysten og regional plan for klimaomstilling er inkludert i arbeidet.

2.1 Arbeidskraftbehov og kompetansestrategiar

Campusutvikling Sogndal

Høgskulen på Vestlandet har invitert fylkeskommunen til samarbeid for å konkretisere utviklingsstrategiar for Campus Sogndal.

Aktuelle områder for samarbeid:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom mange år bidrige til å utvikle idrettsfagmiljøet. Fysisk aktiv læring og folkehelse har vorte eitt av kjenneteikna ved fagmiljøet i Sogndal.
- Sogn og Fjordane har og vorte kjende for særdeles gode skuleresultat. Det er naturleg at desse områda blir ført vidare som eit sentralt tema for samarbeid.
- «Natur, klima og livsvilkår» fangar tema som er knytt til dei naturvitenskaplege miljøa våre.
- «Økonomisk og sosial innovasjon» peikar mot samfunnsvitskaplege, sosialfaglege og økonomiske problemstillingar knytt til utvikling av verksemder, offentlege institusjonar, bygder og menneske i sine sosiale miljø.

Campusutvikling Førde

Realisering av «Campus Førde Verftet», Høgskulen på Vestlandet og fagskulen i Sogn og Fjordane sitt strategiske samarbeid innan dei tekniske utdanningane. Hovudmålsettinga er å styrke rekrutteringa til fagskulen og høgskulen og legge til rette for auke i FoU-aktivitetar mellom utdanning og næringslivet.

Fag- og yrkesopplæring

Det har blitt jobba med samfunnskontrakten der fylkesdekkande og lokale nettverk mellom arbeidslivet og dei vidaregåande skulane har blitt utvikla til ei kjelde for kunnskapsdeling og kompetanseheving. Nettverka jobbar òg med å auke rekruttering av lærebedrifter.

Fylkesrådmannen har satsa på å auke kompetansen til faglege leiarar, instruktørar og prøvenemnder, for å styrke det 4-årige opplæringsløpet.

I tillegg vert det også gjennomført eit forprosjekt for å vurdere alternative overgangar mellom grunnskule og yrkesfag for elevar med særskilte utfordringar.

Vaksne – vidaregåande opplæring

Skuleåret 2019-2020 er det lyst ut kombinerte grupper for ungdom og vaksne fleire stader i fylket. Dette for å i større grad å kunne stette behova til arbeidslivet, særleg innanfor bransjar som slit med rekruttering av arbeidskraft. Det vil òg gjere dei vaksne betre i stand til å treffe val som kvalifiserer for vidare arbeid. I tillegg vil det blir utvikla meir modulbasert fagopplæring for å kunne lette overgangen til arbeid for dei med kort butid i Noreg og for lettare å kunne møte arbeidskraftbehov lokalt.

Rekruttering

Arbeidet med rekruttering er spreidd på fleire planar. Attraktive samfunn er viktige føremål med arbeidet prioritert i Regional plan for kultur og i strategi for tettstadforming og stadutvikling.

Framtidsfylket AS er det viktigaste fellestiltaket som har vore knytt til verdiskapingsplanen.

Innsatsen held fram i 2019.

2.2 Innovasjonsnettverk

Fylkeskommunen sitt arbeid vert i 2019 konsentrert om å utforme og gjennomføre:

- Aksjonsplanen i interreg Europe prosjekt P-IRIS ("Policies to improve rural areas' innovation systems by professionalising networking activities and use of innovation tools").
- Samarbeidsavtalen med Innovasjon Norge, SIVA, Noregs Forskningsråd og dei to fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane om klyngeutvikling og katapultsatsinga. I samarbeidet med det nasjonale klyngeprogrammet ønskjer vi få til ein pilot i samarbeid mellom eit lokalt innovasjonsmiljø og ei sterkt klynge.
- Studietur til Lombardia i Italia der vi mellom anna ser på deira døme på samarbeid mellom Milano og distriktsamfunn i regionen.

Viktige innovasjonsnettverk som vert prioritert for oppfølging i 2019:

- Dei tre næringshagane,
- Vågsøy med miljøa Teknopollen (Slepetanken), Måløy Maritime Group i Raudeberg og Måløy Marine Ressurssenter
- Campus i Sogndal
- Maritim Foreining / hydrogenklynga
- Fjordane Virtuelle Campus med initiativtakarar på Nordfjordeid
- Materialteknologi initiativ i Gloppe
- Tech Yard i Førde
- Akva-hub i Hyllestad
- SITEP i Årdal

2.3 Møteplassar

Partnarskapen vil også i 2019 legge til rette for at også dei mindre bedriftene vert rusta til å møte det digitale skiftet og nytte digitalisering for å forbetre sine eigne forretningsmodellar.

Fylkeskommunen vil derfor vidareføre arbeidet med å legge til rette for bransjeavhengige møteplassar for mindre bedrifter der digitalisering er eit gjennomgående tema.

Møteplassane vil framleis vere innretta mot randsonene i fylket og dei gode lokale døma skal løftast fram til inspirasjon for andre. Ved å legge arrangementet til ei lokal bedrift vil ein også bruke

arrangementa for å leggje til rette for at det vert danna nye koplingar og samarbeid mellom bedriftene.

Arbeidet med møteplassar er eit samarbeid mellom NAV, Sparebanken Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane næringsforum og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

2.4. Kunnskapsintensive tenesteytande næringar

Desse næringane har god sysselsettingsutvikling nasjonalt, medan Sogn og Fjordane har ein veldig låg sysselsettingsdel og vekst innanfor dette området høve landet elles. Dette er bekymringsfullt då desse bedriftene gjev næringslivet tilgang til kunnskapstenester og fordi dette er attraktive arbeidsplassar for ungdom og unge i etableringsfasen. Sogn og Fjordane fylke har difor eit spesielt fokus på å stimulere til vekst og utvikling innanfor desse næringane også i 2019.

Innovasjon Norge (IN) jobbar med dette langs fleire aksar; både i arbeidet retta mot gründerar, ift vekstbedrifter og inn mot innovasjonsmiljø i fylket. Døme: Ide til marknad arrangement, aktivitetar knytt til forretningsutvikling, kapitalinnhenting, internasjonalisering og eksport.

IN har på bakgrunn av innspel frå næring- og samfunnsaktørar (Drømmeløfte-prosessen) valt ut seks muligheitsområde med framtidig vekstpotensiale; kreative næringar og reiseliv, smarte samfunn, havrommet, helse og velferd, rein energi og bioøkonomi. Vi finn kunnskapsintensive tenesteytande bedrifter innanfor alle desse muligheitsområda.

IN samarbeider både med 1.linja (kommunalt næringssapparat) og 2.linja (Aksello og Kunnskapsparken) for å stimulere til vekst i denne sektoren. IN bruker både finansielle og ikkje-finansielle verkemiddel i arbeidet for å utløyse nyetableringar og stimulere til vekst i eksisterande næringssliv.

2.5 Entreprenørskap, Breiband, FoU og Internasjonalt arbeid

Entreprenørskapsarbeidet

Informasjonsarbeid

Nettsida Driftig.no informerer om det offentlege tilbodet til dei som ønskjer å starte eller vidareutvikle bedrift i Sogn og Fjordane. Her finn ein informasjon mellom anna om rådgjeving, kurs og nyttige verktøy. I 2019 har Driftig ansvar for Gründertorget på Framtidsfylket Karrieremesser i Oslo, Trondheim og Bergen. Driftig tek med seg gründerar frå fylket som kan fortelje deltakarane om det å starte/drive eiga bedrift i Sogn og Fjordane.

Etableraropplæring

I 2019 arrangerer fylkeskommunen grunnleggande etablerarkurs i Gloppe, på Vågsøy, i Florø og i Aurland. Dei same stadene køyrar vi ulike forretningspesifikke temakurs etter ønskje frå næringsslivet i området. Alle kurs er gratis og går utanom vanleg arbeidstid.

Kurs og samlingar for næringssmedarbeidarar

Vi treng eit koordinert og kompetent næringssapparat for å møte etterspurnaden til etablerarar. Derfor arrangerer fylkeskommunen kurs og samlingar for næringssmedarbeidarar i Sogn og Fjordane. I 2019 vil fylkeskommunen samle næringssmedarbeidarane ein gang på våren og ein gang på hausten. Haustsamlinga legg vi til Hordaland for å bli kjent med næringsmiljø i nye Vestland fylke.

Internasjonalt arbeid

Internasjonal prosjektfinansiering skjer med grunnlag i prioriteringar i denne årsplanen. Ut over dette vil vi i 2019 prioritere:

- Avslutting av fase 1 i P-IRIS og gjennomføring av fase 2, aksjonsplanen basert på det vi har lært i prosjektet
- Vi testar samarbeidsarenaer innan maritim fornybar energi saman med Maritim foreining
- Vi vurderer ei satsing under utvikling i EU innan smarte bygder og om vi kan / bør kople oss på dette arbeidet
- I 2019 førebur vi at Vestlandet v/ Vestland fylkeskommune sannsynlegvis skal ta ansvar for sekretariatsoppgåver i det nordatlantiske samarbeidet NORA i 2020
- Vi føl opp fylkesvaraordføraren sitt arbeid i Nordsjøkommisjonen, Marin Ressursgruppe

FoU

I VRI4-prosjektet vil vi mobilisere bedrifter til å søkje om støtte frå regionale-, nasjonale- og internasjonale forskingsfond, i tillegg til VRI4-verkemiddla.

VRI4-verkemidlar 2019

1. Kompetansemekling
2. FoU-startpakken
3. FoU-prosjekt (forprosjekt)
4. Nettverksmøte – midlar til disposisjon for kompetansedeclarane
5. Mobilitet – avtale me HVL om studentmobilitet.

Sjå nettsida for meir informasjon: <http://www.sfi.no/vri-4-mobilisering-til-fou.414016.nn.html>

I VRI4 prioritiserer vi informasjon, rådgjeving, hjelp og økonomisk støtte til vekstbedrifter med FoU-potensiale i Sogn og Fjordane, innanfor følgjande bransjar/næringer og tema:

- fornybar energi
- landbruk
- reiseliv
- sjømatnæringer
- kunnskapsnæringer (KIFT) - knytt til FoU-startpakken

Teknoløft-prosjektet er leia av prodekan Erik Kyrkjebo, Høgskulen på Vestlandet. Hovudmålet for prosjektet er å bygge eit sterkt forsking- og utdanningsmiljø på tvers av HVL og Vestlandsforsking som leverer næringsrelevant kompetanse, kapasitet og kandidatar innan robotisering og automatisering, Big Data og digitalisering til fylket.

Der er tilsett fire doktorgradsstipendiatar, som alle skal arbeide med utgangspunkt i ingeniørstudiet i Førde.

For 2019 ser prosjektet særleg mot følgjande:

- Engasjere næringslivet, gjere kjent prosjektet
- Nivå for etter- og vidareutdanningstilbod
- Utvikling av konkrete case
- Balansere langsiktig kompetanseoppbygging mot raske, konkrete resultat

Breiband

Ordninga med statleg støtte til breibandprosjekt vart endra i 2018. Frå å vere ein open konkurranse mellom kommunale prosjekt i heile landet, var det frå og med 2018 gjort ei fylkesvis fordeling av midlane i Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) ut frå dekninga i fylka.

Sogn og Fjordane fekk tildelt 11,5% av ei total ramme på 149 millionar kroner. Fylkeskommunen si rolle har med denne endringa i ordninga skifta frå å vere koordinator og søker på vegne av kommunane i fylket, til sjølv få ansvaret for å gjere prioritering av prosjekt. Prioriteringslista vert vedteken i hovudutval for næring og kultur før den vert sendt til Nkom for godkjenning. Fylkeskommunen tek framleis ansvar for informasjonsdeling om ordninga andsynes kommunane og vil arrangere møter der både IT-Forum, kommunar og i nokre tilfelle leverandørskapet deltek. Desse møta er også ein arena for spørsmål og avklaringar om pågåande og nye prosjekt. I tillegg vil fylkeskommunen halde fram med å utarbeide konkurransegrunnlag for utlysing av nye prosjekt og utarbeide mal for kontraktar mellom kommune og breibandselskap. Innkjøpsavdelinga leverer tenester inn til dette arbeidet. Det overordna oppfølgingsansvaret for framdrift og økonomi i kvar prosjekt vil framleis ligge til fylkeskommunen, som styrer økonomien og betalar ut til kommunane ut frå framdrifta i prosjekta.

2.6 Ressursinnsats – samla oversikt for satsinga

Nokre viktige postar:

| | SF fylkeskommune | Andre |
|---|---|---|
| Arbeidskraftbehov og utdanning | Førde Campus Verftet ca 15 mill i investering Prosj.; ca 0,5-1,0 mill pr år | HVL bidreg til fysisk infrastruktur (ikkje kalkulert) Utviklingsprosjekt ca 0,5 – 1,0 mill pr år |
| Innovasjonsnettverk | Kr 1.700.000 (sak HNK 18/3) P-IRIS: 412.500 for 2019 SITEP: kr 2.500.000 (2019) | Klyngestøtte – hydrogen: kr 2.000.000 P-IRIS: 412.500 for 2019 Eigeninnsats SITEP |
| Møteplassar | Kr 100-200.000 | arbeidsinnsats |
| Kunnskapsintensive tenesteytande næringar | Kr 1.500.000 | SIVA: 9,3 mill Innovasjon Norge: historisk ca 20 mill/år |
| Etablerararbeid | Kr 1.450.000 | Arbeidsinnsats få redaksjonsgruppe Innovasjon Norge: etablerartilskot (2018: kr 7.300.000) |
| Internasjonalt arbeid | Integrert i det øvrige | (P-IRIS – Interreg Europe) |
| FoU – mobilisering / infrastrukturutvikling | Mobilisering: ½ årsverk Teknoløft: kr 1.000.000 Grunnstønad til Vestlandsforsking: kr 800.000 | Forskningsrådet: - Mobilisering: kr 2.850.000 (VRI4) - Teknoløft, ca. 28 mill. over 6 år |

3 Sjømatnæringane

3.1 Kort oppsummering av endringar i høve det strategiske dokumentet

Innsatsen innan Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane er formulert som føringar for bedriftsfinansiering gjennom Innovasjon Norge og som føringar for FoU-aktiviteten. Måla står fast.

I program Kompetanse og rekruttering i sjømatnæringane vart fondet MAREKO (Marin Rekrutterings og kompetansehevingsfond) etablert i 2017. Innretninga til fondet er no slik at programstyret må gjennomføre ein søknadsprosess og gjennom politisk handsaming før ein kan få finansiert tiltak i fondet, sjølv om desse er lista i handlingsplanen i Verdiskapingsplanen. Dette fører til at handlingsplanen for Kompetanse og rekruttering no er svært forenkla og at vi her berre skisserer retning og mål for arbeidet. Arbeidet med å få på plass detaljer kring aktivitet og innsats vert heller lagt i søknader til fondet. Programgruppa vil ha ein årsplan på plass i løpet av februar.

3.2 Prioriterte aktivitetar i 2019

Hovudmål for sjømatnæringane: Auke verdiskapinga og tal arbeidsplassar i sjømatnæringane

PROGRAM 1: KOMPETANSE OG REKRUTTERING I SJØMATNÆRINGANE

Programmål: Styrke tilgang til kompetanse og arbeidskraft i sjømatnæringane

Delprogram 1 Utvikle ei attraktiv fagutdanning på vidaregåande skule retta inn mot verdikjedene i sjømatnæringane

Mål 1: Vidareutvikle eit attraktivt opplæringstilbod for akvakultur ved Måloøy vgs. gjennom:

- Å tiltrekke fleire søkerar til marin opplæring
- Vidareutvikle innhaldet i undervisningstilbodet, særleg med tanke på involvering av næringslivet og FoU-aktørar
- Bidra til å få på plass eigna undervisningsfasilitetar i akvakultur ved Måloøy vgs.
- Bidra til å gjere den nye skulebåt til eit godt stad å lære ny kunnskap

Mål 2: Undersøke moglegheit for å gjere det lettare å rekruttere ungdom til fiskeria gjennom å utvikle gode finansieringsordningar for ungdom som vil inn i fiskerinæringa.

Delprogram 2 Bidra til å utvikle marine kompetansesentra i fylket

Mål 3: Bidra til å utvikle marine og maritime kompetansesenter i Sogn og Fjordane gjennom å stå opp om pågåande initiativ

PROGRAM 2: AREALBRUK I SJØ

Programmål: Legge til rette areal for vidare vekst i sjømatnæringa

Mål 1: Utvikle Fylkesatlas og Fylkesspegelen som kunnskap- og informasjonsbase for planlegging i sjø gjennom:

- Fullføre Multikriterieanalyse-prosjekt for heile fylket. Prosjektet er basert på datainnsamling og kontakt med dataeigarar for gjennomgang av data med å vekte i høve til lokalisering av akvakultur. Det står att å fullføre analysar og implementere dette i Fylkesatlas

Mål 2: Bidra til ny kunnskap som kan nyttast i marin planlegging gjennom:

- Finne finansiering og sette i gang arbeidet med utarbeiding av Marine grunnkart i kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Solund og Gulen samt restareal i Flora kommune.
- Vurdere mogelegheit for utarbeiding av biotopkart i sjøområda der vi har Marine Grunnkart.
- Vurdere utarbeiding av vandringskart for villaks og aure der det er opparbeidd slik kunnskap

Mål 3: Bidra til større grad av interkommunal planlegging i sjø gjennom:

- Gjennomføre ei analyse av kvifor interkommunale planar er lite utbreidd i fylket
- Vurdere vidareføre dette i eit hovudprosjekt

Mål 4: Bidra til utvikling av nye marine artar gjennom å legge til rette areal

- Gjennomføre ei GIS-analyse for å synleggjere tilgjengeleg landareal for akvakultur
- Bidra til at kommunale arealplanar sett av areal både til dyrking av makroalgar, til landbaserte anlegg og til laks og aure
- Gjere kommunane merksame på næringa sin trong for nye og eigna areal, og bidra med konkrete innspel i dei kommunale arealplanane i sjø

Mål 5: Jobbe for at landareal i tilknyting til nasjonale laksefjordar kan nyttast til oppdrett av laks og aure

- Følgje opp tema som var tatt opp med Fiskeriministeren i november 2017, vurdere nytt møte med ny minister.

3.3 Ressursar som skal bidra til å nå målet

Under Delprogram 1, mål 1 i programområde Rekruttering og kompetanse har vi tilsett ein person i 3-årig engasjement for å vere initiere, koordinere og gjennomføre tiltak og til å vidareutvikle samarbeidet med næringslivet og FoU-institusjonar. Fondet MAREKO er den primære finansieringskjelda for å finansiere tiltaka. Utbygging av undervisningsfasilitetar til akvakulturopplæring ved Måløy vgs., er avhengig av fylkeskommunal finansiering.

Under Delprogram 2, mål 3 løyvde fylkestinget 15 mill. kr. til Måløy Marine Ressurssenter i desember. Utbetaling av desse midlane vil finne stad i 2019.

For programområdet Arealbruk er det sett av kr 2 624 000 i Marint verdiskapingsfond til opparbeidning av Marine grunnkart for resterande areal i fylket. I budsjett for 2019 er det sett av kr 200 000,-. Ved gjennomføring av kartleggingsprosjektet legg ein opp til medfinansiering frå kommunar og næringsliv. Storleiken vert avgjort når prosjektplan er klar. For andre lista tiltak ligg det ikkje føre anna finansiering.

Innsatsen innan Innovasjon og nyskaping i sjømatnæringane får tilført ressursar gjennom forskingsmobilisering (VRI4), gjennom regionalt forskingsfond og gjennom Innovasjon Norge.

4 Reiseliv

4.1 Prioritert aktivitet for å nå målet

Reiselivsplanen definerer sju strategiske handlingsområde som er prioriterte tema for programstyring og som tiltaka vert uteleia frå.

Samhandling

Ansvar: Fylkeskommunen

- Kalle saman leiarane for kvart programstyre tre-fire gonger i året for å koordinere reiselivsarbeidet, gjere langsiktige prioriteringar, sikre god informasjonsflyt og dele ny kunnskap
- Følgje opp avtale med Fjord Norge, NCE Tourism Fjord Norge og destinasjonsselskapa
- Koordinere arbeidet for ny satsing på lokalmat og reiseliv

Ansvar: Innovasjon Norge og fylkeskommunen

- Gjennomføre dagskonferanse med aktuelt tema for reiselivet i Sogn og Fjordane

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Arrangere kurs for bedrifter og organisasjonar som er i målgruppa for infrastrukturmidlar og spelemidlar

Ansvar: Innovasjon Norge

- Følgje opp og styrke eksisterande bedriftsnettverk i hovudprosjektfase frå Innovasjon Norge og koble til prioriterte satsingar i NCE Tourism
- Samling for nettverksbedrifter med aktuelle tema saman med Innovasjon Norge i Bergen: satsingar og nytt frå NCE Tourism, ta tak i utfordringar frå evalueringa frå tidlegare gjennomført workshop med internasjonale turoperatørar i.
- Drøfte muligheter på tvers av fylka
- Gjennomføre dagssamling med nettverka i Sogn og Fjordane
- Gjennomføring av nye kurs for reiselivet i IN si kursportefølgje for reiselivet; Opplevingskurset og Bygg bedrift for reiseliv

Berekraft

Ansvar: Fylkeskommunen og Innovasjon Norge

- Sørge for at berekraft vert eit berande prinsipp i alt arbeidet

Ansvar: Innovasjon Norge og destinasjonsselskapa

- Gjere tilskotsordning for berekraftig reisemålsutvikling og støtteordning for miljøsertifisering meir kjend gjennom kurs og samlingar
- Følgje opp destinasjonar som er i gang med sertifisering som bærekraftig reisemål

Produktutvikling

Ansvar: Infrastrukturprogrammet og Innovasjon Norge

- Utvikle og styrke produkt i tråd med NCE Tourism Fjord Norway sine satsingar
- Utvikle og styrke produkt med andre strategiske føringer for produktutvikling i Sogn og Fjordane, til dømes gjennom bedriftsnettverka til Innovasjon Norge

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Prioritering av eksisterande og potensielle fyrtårn (verdt ei reise) hjå alle destinasjonane
- Fortsette arbeidet som er lagt ned i å etablere kommersielle heilskaplege produktpakker for fylket retta mot den nasjonale marknaden
- Følgje opp arbeidet med strategiar og kriterier for god vandresatsing jamfør også rapport for «Samspel om berekraftig reiseliv»
- Legge til rette for berekraftig utvikling av destinasjonar i regionen

Infrastruktur

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Lyse ut midlar til infrastrukturprosjekt
- Følgje opp nasjonal standard for merking og gradering av turstiar
- Inngå samarbeid med samferdsle for å identifisere kjerneruter for reiselivet i fylket
- Arbeide for tettare samarbeid med samferdsle for å få transport knytt til reiseliv inn i arbeid med ruter, anbod og liknande
- Arbeide for bedre digital infrastruktur – dekning (vere på nett) i heile fylket/regionen.
- Arbeide for bedre organisering og samarbeid knytt til fellesgodetiltak
- Årleg møtepunkt med Forum for friluftsliv og DNT, og evt andre miljøorganisasjonar. Skape dialog.
- Jobbe med å synleggjere verdiskaping i reiselivet, uavhengig av SSB sin statistikk

Marknadskommunikasjon

Ansvar: Infrastrukturprogrammet

- Internasjonal marknadsføring gjennom satsing på Fjord Norge, sterke destinasjonsselskap og aktive næringsbedrifter
- Styrke samarbeid mellom destinasjonsselskapa om produktutvikling, særleg retta mot prosjekt som kan gjøre fylket meir attraktivt utanom sommaren for å auke skulder- og vintersesongen
- Bruke berekraft i marknadskommunikasjonen både nasjonalt og internasjonalt
- Årleg felles fagleg og sosial samling for destinasjonsselskapa med mål om meir samarbeid og betre kjennskap til regionane

Ansvar: Innovasjon Norge

- Bruke Facebook-sida «Frå bre til hav» til gje ut nyhende, i staden for å sende ut nyhendebrev på e-post

Kunnskap og kompetanse

Ansvar: Innovasjon Norge og fylkeskommunen

- Følgje opp «Forskningsprogram for reiseliv», deltaking i styringsgruppe og midlar
- Følgje opp etablering av bedre statistikk om utviklinga i reiselivsnæringa
- Synleggjere eksisterande, og eventuelt bidra til å utvikle nye, opplæringsprogram ut i frå behov i reiselivsnæringa

Ansvar: Innovasjon Norge

- Tilby og delfinansiere kurs gjennom kompetanseprogram for reiselivsnæringa
- Gjennomføre 2. samling av «Bygg bedrift for kulturnæringane» for å auke verdiskaping i kulturbaserte verksemder

4.2 Ressursar til arbeidet i 2019

| Aktivitet | Partnarar | Ressursar | |
|--|---|--|--|
| | | Økonomiske ressursar | Andre ressursar / Kommentar |
| Berekraftprogram | Fylkesmannen - landbruk (FMLA) | | Fagleg leiing på 45 vekeverk |
| Diverse prosjekt i grenseflata mellom lokal mat og reiseliv | Erfaringstal, BU-midlane vert fordelt i juni | 200 000 | |
| Mobilisering lokal mat og reiseliv, oppfølging | FMLA | | 1 årsverk innan lokal mat og reiseliv |
| Undersøking av erfaringar med miljøsertifisering i reiselivsbedrifter | Ved Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning | 50 000 | Omdisponering av midlar sett av til miljøsertifisering, første halvår 2017 |
| Arrangere kurs i miljøsertifisering av reiselivsbedrifter og destinasjonar | Praktisk ansvar: FMLA Fagleg ansvar: Høgskulen på Vestlandet og Vestlandsforskning | Støttemidlar til miljøsertifisering | Hausten 2017 |
| Profilering Grüne Woche i Berlin, Vestlandet | FMLA og Innovasjon N, FK i Møre og Romsdal og Hordaland | | |
| Infrastrukturprogram | Sogn og Fjordane fylkeskommune, (SFFK-NKA) | | Fagleg leiing på 46 vekeverk |
| Fjord Norge, internasjonal marknadsføring | SFFK-NKA, Fjord Norge, destinasjonsselskapa | 3 240 000 | Finansiering i lag med dei andre fylkeskommunane |
| NCE Tourism fjord Norway | SFFK-NKA, destinasjonsselskapa, Fjord Norge | 150 000 150 000 til eventuelle prosjekt | Finansiering i lag med dei andre fylkeskommunane |
| Avtale destinasjonsselskapa | SFFK-NA, destinasjonsselskapa | 2 200 000 | |
| Admin. styringsgruppa for reiselivsplanen | SFFK-NA | 150 000 | |
| Midlar til infrastruktur | SFFK-NA | 900 000 + restmidlar | |
| Aktørprogram | Innovasjon Norge (IN) | | Fagleg leiing på 55 vekeverk |
| Kompetansehevande kurs | IN, destinasjonsselskapa | 500 000 | Både sentrale og regionale midlar, alt etter rammeforbruk |
| Bedriftsnettverk | IN | 2 500 000 | Løyvingar gjennom nasjonal/regional pott |
| Bedriftsfinansiering | IN | 8 000 000 | Overslag over bedriftsutviklings-tilskot basert på historiske tal |

5 Landbruk

5.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Satsinga held fram i tråd med planen. I samband med regionreforma er det utarbeidd felles Regionalt bygdeutviklingsprogram for Hordaland og Sogn og Fjordane 2019-2022.

5.2 Prioritert aktivitet for å nå mål

A. Verdiskaping ved produksjon og foredling

Omrusting og utvikling i primærproduksjonen

- Mjølk og storfekjøt: Etablere felles mobiliseringsprosjekt med Hordaland. Tema: bygging av lausdriftsfjøs for storfe i tråd med nytt regelverk
- Grovfôr: auke produksjonen av lokalt fôr og ta i bruk ny teknologi
- Regional merkevare: oppsummere marknadserfaringane frå Lærdal med merka Lærdals beste, Lærdal grønt og Lam frå Sogn.

Verdikjeder med marknadspotensial

- Skogbruk: utarbeide områdeplanar for skogsveg
- Hagebruk: mobilisering for auka fruktdyrking i tråd med auka etterspurnad i marknaden. Bruke nye kart over lokalt dyrkingsklima som viser kva areal som er eigna for ulike fruktslag og sortar
- Mat og reiseliv: følgje opp den norske suksessen frå Oste-VM gjennom mobilisering for å etablere fleire gardsbaserte ysteri.

Landbruksbasert tenesteproduksjon

- Inn på tunet: Etablere nettverk mellom bedrifter i Hordaland og Sogn og Fjordane

B. Sysselsetting og busetnad

Rekruttering til landbruket

- Vaksenagronomen: Vidareutvikle tilbodet som no er vorte ei nasjonale ordning

C. Forsking, utvikling og innovasjon

Samordna FoU-innsats

- Samordne FoU-arbeidet gjennom tre programstyre
- Etablere programstyre for grovfôrproduksjon
- Etablere programstyret for skog og tømmer

Kompetanse og rådgjeving

- Rådgjeving til primærprodusentar: Gjennomføre prosjekta «Intensiv grovfôrrådgiving» og «Klimasmart landbruk på gardsnivå» som førebud ei meir spissa rådgjeving på dyrking av grovfôr
- Fylkesdekkande møteplassar: støtte opp om fagsamlingar
- Lokale og regionale FoU-miljø: Utfordre fagmiljø på konkrete problemstillingar som treng FoU

D. Nasjonale rammevilkår

Nasjonale styresmakter og nasjonale politikk

- Jordbruksforhandlingane: gjennomføre møte med faglaga før FK gjev innspel

- Rovvilt: vidareføre uttak av jerv før kvar beitesesong i regi av SNO. Etablere eit fylkesfettingslag som er styrt av kommunane som kan gjennomføre jakt ved skadefellingsløyve.

Regionale bruk av nasjonale støtteordningar

- Landbruksretta investeringsmidlar gjennom IN: dialog med partnarskapen om utmålingsreglar og konkretisering av dette gjennom Handlingsplanen for 2019.

5.3 Ressursar til arbeidet i 2019

| | Arbeidsinnsats | Tiltaksmidlar |
|------------------|----------------|---------------|
| Fylkeskommunen | 0,15 årsverk | 0,2 mill |
| Fylkesmannen | 3,5 årsverk | 3,8 mill |
| Innovasjon Norge | 2 årsverk | 50 mill |

6 Fornybar energi

6.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

I handlingsplan for 2018 – 2021 vert det føreslege å ta ned ambisjonane om til dømes leverandørutviklingsprogram, vere mindre (einsidig) produksjonsorienterte, legge til grunn eit dynamisk målbilete og å konsentrere seg om konkrete aktivitetar.

Både fylkeskommunen og næringsforum har vurdert det som viktig at næringsaktørar er aktive deltagarar. Det har vist seg utfordrande å etablere ein fornybar energi partnarskap. Viktige initiativ som til dømes etablering av Forum for grøn energi (FGE) vart etablert i 2016. Maritim Forening Sogn og Fjordane (MFSF) er eit godt innarbeidd leverandørnettverk, som vert relevant for fornybarområdet gjennom engasjement i høve hydrogenverdikjeder og havenergi.

6.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Målsettingane i verdiskapingsplanen er formulerte på eit relativt overordna nivå. Med eit område prega av store endringar, og der sentrale aktørar som FGE og MFSF er i ferd med å (dels vidare-) utvikle si eiga rolle, så kan mål og strategiar med fordel være dynamiske. Det viktigaste vert å kome i gang, og ta tak i og spinne vidare på dei mogleheter som opnar seg.

FGE er ein frittståande og sjølvstendig medlemsbasert interesseorganisasjon. Forumet er ei omdanning av det tidlegare Vindkraftforum. Endringa inneber eit breiare perspektiv enn berre vindkraft. I 2019 vil FGE prioritere ressursane mot ei kartlegging av aktørar, utfordringar og mogleheter innan fornybartnæringa, samt å ta ansvar for innhaldet i ein bok avsett til fornybar energi på nettverkssamlinga til MFSF.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sette i 2016 i gang prosjektet «Hydrogenregion Sogn og Fjordane» for å utvikle lokale, hydrogenbaserte verdikjeder. Prosjektet vart formelt avslutta i 2018, men fleire av aktivitetane vert vidareførde både internt og i samarbeid med andre (det er mellom anna utforma ein felles Vestlandsstrategi i regi av Vestlandsrådet). MFSF og støttespelarane vart med industrikyngja Ocean HyWay Cluster teken opp i Arenaprogrammet hausten 2018. Aktivitetar i programmet vil vere viktige for den vidare hydrogensatsinga i fylket.

Fylket er rikt på fornybar energi. Mogleheitene til å omsette ressursen til konkurransedyktige produkt og tenester er sterkt påverka av rammevilkår. Å følgje med på politiske prosessar er ei kontinuerleg viktig oppgåve.

6.3 Ressursar til arbeidet i 2019

Det er sett av kr 400.000 til næringsretta energisatsing i 2019 (dette inkluderer også satsinga på olje og gass).

Det vert sett av 1,2 millionar kr til vidareføring av hydrogeninnsatsen i 2019.

7 Olje og gass

Petroleumsrådet har koordinerande ansvar for innsatsen innan olje og gass i verdiskapingsplanen.

7.1 Endringar som gjeld grunnlaget for satsinga

Lågare oljeprisar og auka kostnadsfokus, har medført ein trongare marknad dei seinare åra. Blant konsekvensane har innsatsen til Maritim Foreining Sogn og Fjordane (MFSF) i større grad omfatta maritime/havbaserte næringar generelt. Satsinga på olje og gass i utviklingsprogrammet Supply Chain Network Sogn og Fjordane (SCNSF) har likevel halde fram som planlagt. SCNSF vart avslutta ved utgangen av 2018.

7.2 Prioritert aktivitet for å nå målet

Den petroleumsretta innsatsen er delt i to.

- Petroleumsrådet har ansvar for politisk påverknad og som hovudkontaktpunkt i fylket overfor myndighetsorgan, operatørselskap, osb.
- Maritim Foreining Sogn og Fjordane har hatt ansvar for å engasjere og utvikle leverandørindustrien i fylket.

Petroleumsrådet – viktige innsatsområde 2019

- Tett oppfølging av operatørselskap, politiske miljø og andre sentrale interesserantar
 - Aktiv oppfølging av feltoperatørarar og lisenshavarar utanfor kysten av fylket. Det er viktig å halde på eksisterande aktivitet, samt å konkurrere om ny aktivitet knytt til vidareutvikling og ny utbygging av felt og funn. Døme på viktige prosjekt:
 - Snorre Expansion Project (SEP) er ei stor subseautbygging på Snorre-feltet med Equinor som operatør. Plan for utbygging og drift (PUD) vart godkjent juli 2018, og arbeidet er i gang. Drift på Snorre er venta å vare minst til 2040.
 - Novafeltet, der Wintershall er operatør, skal byggjast ut med subseainstallasjonar knytt til Gjøaplatfforma (der Neptune Energy er operatør).
 - Neptune Energy vil denne våren levere plan for utbygging og drift Duva (Carafunnet mm) som blir knytt til Gjøa.
 - Følgje opp Equinor sine positive utsegner om utvikling av logistikksenter for rør og røyrbasen generelt.
 - Helikopterkapasiteten i Florø vart halvert frå april 2017. Også på fartøysida samarbeider operatørselskapa no meir. Dette medfører mindre ledig kapasitet. Det vert viktig å følgje opp, slik at tilstrekkeleg kapasitet til å forsyne både faste og mellombelse installasjonar vert sikra. Behovet er venta å auke vesentleg i løpet av året grunna boring og prosjekt knytt til prosjekt omtalt over.
 - Petroleumskonferansen Vekst i Vest. Konferansen har vore årvisss sidan 2011. Tilbakemeldingar frå 2018 tilseier at det er ønskjeleg med ny konferanse hausten 2018. Konferansen har dei siste åra vore arrangert saman med MFSF og deira nettverkssamling.
- Kommunikasjon og innhenting av informasjon i fylket
 - Systematisk oppfølging og dialog med MFSF og det lokale GCE-kontoret.

- Halde god dialog med Fjord base og bedriftene som er lokalisert der.
- Vitje Lutelandet.

MFSF og leverandørindustrien

Innsatsen til MFSF har vore organisert i utviklingsprogrammet Supply Chain Network Sogn og Fjordane. MFSF ønskjer å halde fram med aktivitetar innan synleggjering/kommunikasjon, marknadskunnskap og prosjektretta næringsklynger. Innsatsen i 2019 vil mellom anna omfatte leverandørdagar (som med Equionor i mars) og nettverkssamlingar.

7.3 Ressursar til arbeidet i 2019

Både fornybar energi og olje/gass er satsingar i verdiskapingsplanen. Mykje av satsinga er bedriftsretta og vert difor dekka av Innovasjon Norge sine verkemiddel.

Petroleumsrådet har koordinerande ansvar for innsatsen innan olje og gass i verdiskapingsplanen.

Fylkeskommunen har hovudansvar for koordinering gjennom petroleumsrådet, og ansvar for politisk påverknadsarbeid.